



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Teknisk utval
Møtedato:	22.10.2024
Møtetid:	15:45 -18:15
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Aina Sleire	leiar	AP
Vebjørn Haugsdal	nestleiar	H
Bjørn Egil Nordland	medlem	SP
Veronika Hjartholm	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Pia Yvonne Jakobsen	medlem	V

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Svein Bjarte Fredheim	Pia Yvonne Jakobsen	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Jan Kvingedal sakshandsamar

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 24/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 25/2024	Klage på vedtak i teknisk utval - deling av grunneigedom til fritidsbustad -gbnr. 12/3	
PS 26/2024	Søknad om rammeløyve - oppføring av 3 naust i rekkje - gbnr. 16/1	
PS 27/2024	Søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 6/66	
PS 28/2024	Søknad om rammeløyve, kai, landgang og flytebrygge - gbnr 32/76	
PS 29/2024	Krav til utbetring av avlaupsanlegg	
PS 30/2024	Forslag til godkjenning av bevilging til revidert gåseplan i Masfjorden: 2025 - 2029	
63/2024	Delegert sak	
64/2024	Søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel - Gbnr 57/2	
65/2024	Søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel - gbnr 35/4	
66/2024	Søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel - gbnr 7/4	
67/2024	Søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel - Gbnr 55/1	
68/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt for husdyrgjødsel Gbnr 16/2	
69/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om løyve til motorferdel i utmark - gbnr 6/2	
70/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om tiltak etter pbl § 20-1m, arealoverføring frå gbnr 59/1 mfl. til offentlig veg fv. 570 Masfjorden kommune – samt søknad om dispensasjon	

71/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om rehabilitering av pipe - gbnr 31/1
72/2024	Melding om delegert vedtak - oppføring av bustadhus - Gbnr 59/16
73/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om oppretting av 2 grunneigedommar - Gbnr 24/1
74/2024	Melding om delegert vedtak - oppretting av grunneigedom - gbnrf 30/50/4
75/2024	Melding om delegert vedtak - Supplering av søknad - Søknad om ny ansvarsrett - gbnr 37/87
76/2024	Melding om delegert vedtak - svar på søknad om dispensasjon frå spreietidspunkt Gbnr: 7/4
77/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om bruksendring - innreie uinnreia loft og ta det i bruk - gbnr 34/13
78/2024	Melding om delegert vedtak - pålegg om fjerning av plastrister gbnr: 30/1,2 Sandnes
79/2024	Melding om delegert vedtak - oppføring av bod Andvikvegen 753 - gbnr 25/3
80/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om veg og utbetring av avkøyrsløse gbnr. 37/11 og 41 - Ett-trinns søknad
81/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om oppretting av grunneigedom ved innløyising av festetomt - Gbnr 50/1/29
82/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om oppretting av grunneigedom ved innløyising av feste gbnr. 50/1/28
83/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for tilbygg/ påbygg fritidsbustad - gbnr 32/16
84/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring av verkstadbygning - gbnr 37/5
85/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for deling av grunneigedom til fritidsføremål gbnr 38/4

86/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om arealoverføring - tilleggsareal frå 6/9 til gbnr 6/74
87/2024	Melding om delegert vedtak - Søknad om bruksendring frå anneks til fritidsbustad og fasadeendring - gbnr 50/26
88/2024	Melding om delegert vedtak - søknad om endring av løyve gbnr 37/2
PS 31/2024	Referatsak

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Møteprotokoll frå Teknisk Utval 03.09.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 25/2024 Klage på vedtak i teknisk utval - deling av grunneigedom til fritidsbustad -gbnr. 12/3

Det vart orienterte om at dette er same sak som i sist møte, men då vart det berre gjeve løyve etter jordlova. I slike saker treng ein og å gje løyve etter plan- og bygningslova.

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Det er etter utvalet si vurdering fleire positive sider enn negative sider ved å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova sin § 19-2.
Utvalet legg vekt på at frådelinga vil styrke folketalet i området og at ein ikkje kan sjå at nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesett. Utvalet meiner vidare at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene på omsøkt stad, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd
Teknisk utval godkjenner søknaden om dispensasjon frå planføremålet i kommuneplanen sin arealdel i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og godkjenner med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d oppretting av ny grunneigedom på gbnr. 12/3 til omsøkt bustadføremål.

Vedtaket jobba fram i møtet vart vedteke mot ei røyst (Sp).

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 25/2024 Klage på vedtak i teknisk utval - deling av grunneigedom til fritidsbustad -gbnr. 12/3:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Det er etter utvalet si vurdering fleire positive sider enn negative sider ved å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova sin § 19-2.
Utvalet legg vekt på at frådelinga vil styrke folketalet i området og at ein ikkje kan sjå at nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesett. Utvalet meiner vidare at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene på omsøkt stad, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd
Teknisk utval godkjenner søknaden om dispensasjon frå planføremålet i kommuneplanen sin arealdel i medhald av plan- og bygningslova sin § 19-2, og godkjenner med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d oppretting av ny grunneigedom på gbnr. 12/3 til omsøkt bustadføremål.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 26/2024 Søknad om rammeløyve - oppføring av 3 naust i rekkje - gbnr. 16/1

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Teknisk utval gjev med heimel i plan- og bygningslova §19-2 og 1-8 godkjenning på søknad om dispensasjon for rammeløyve for etablering av 3 naust i rekkje. Det er allereie etablert veg og er eit eksisterande naust i området for søknaden. Søkt område for etablering av naust ser heller ut til å kunne kategoriserast som funksjonell strandsone. Utvalet ser derfor fleire positive sider enn negative sider med tiltaket.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart vedteke mot ei røyst (Sp).

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 26/2024 Søknad om rammeløyve - oppføring av 3 naust i rekkje - gbnr. 16/1:

Vedtak i Teknisk Utval:

Teknisk utval gjev med heimel i plan- og bygningslova §19-2 og 1-8 godkjenning på søknad om dispensasjon for rammeløyve for etablering av 3 naust i rekkje. Det er allereie etablert veg og er eit eksisterande naust i området for søknaden. Søkt område for etablering av naust ser heller ut til å kunne kategoriserast som funksjonell strandsone. Utvalet ser derfor fleire positive sider enn negative sider med tiltaket.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 27/2024 Søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 6/66

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke,

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 27/2024 Søknad om dispensasjon for oppføring av naust - gbnr 6/66:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §19-2 og §1-8 avslag på søknad om løyve i eitt trinn for oppføring av naust på eigedommen 6/66, då tiltaket vil vera i strid med byggjegrænse mot sjø i gjeldande kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 og ein ikkje finn at vilkåra for å gje dispensasjon er til stades.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 28/2024 Søknad om rammeløyve, kai, landgang og flytebrygge - gbnr 32/76

Vebjørn Haugsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak (28/2024 Søknad om rammeløyve, kai, landgang og flytebrygge gbnr 32/76.

Teknisk Utval vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Haugsdal var inhabil sidan han er son til nabo til tiltakshavar.

Vebjørn Haugsdal (H) deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 28/2024 Søknad om rammeløyve, kai, landgang og flytebrygge - gbnr 32/76:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §19-2 og 1-8 avslag på søknad om dispensasjon for rammeløyve for etablering av kai, landgang og flytebrygge, då tiltaket er i strid med føresegnene i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 og i strid med byggjegrense i same plan og ein ikkje finn at vilkåra for å gje dispensasjon er til stades.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 29/2024 Krav til utbetring av avlaupsanlegg

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

- Saka vert sendt attende til administrasjonen for meir utgreiing

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 29/2024 Krav til utbetring av avlaupsanlegg:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for meir utgreiing.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 30/2024 Forslag til godkjenning av bevilging til revidert gåseplan i Masfjorden: 2025 - 2029

Saka vart drøfta.

Det vart i møte presisert at forslaget til vedtak gjaldt finansieringa av tiltaket, sjølve planen vert truleg å handsama i mai -25. Finansiering vert å ta frå viltfondet.

Medlemmene i Teknisk Utval bad om å få tilsendt gåseplanen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 30/2024 Forslag til godkjenning av bevilging til revidert gåseplan i Masfjorden: 2025 - 2029:

Vedtak frå Teknisk Utval:

Masfjorden kommune v/TU bevilgar inntil: **60.000,-** til revidert gåseplan **2025 - 2029**.

Det skal dekkja ein fagrapport, samt nytt feltarbeid i 2025. Vidare ein revisjon av forvaltningsplanen. Utkast til forvaltningsplanen skal vera klart til **01.03.2025** og vera slutført til **10.06.2025** Det ver same firma: Arnold Håland v/NNI AS som lagar planen og tek feltarbeidet.

Saksprotokoll for Teknisk utval

Handsaming i Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 31/2024 Referatsak

Det vart ikkje lagt fram noko referatsaker.

Vedtak/innstilling frå Teknisk utval - 22.10.2024 av sak 31/2024 Referatsak:

